

# Metoderapport SKUP 2011

# Nedst på golvet

- oppvask i reinhaldsbransjen



Fem dagar etter avsløringar om elendige arbeidsvilkår får russisk/estiske Liivart Pett og 14 andre vaskarar tilbod om fast jobb og norsk arbeidskontrakt hos Marine Harvest.

## 1. Namn på journalistane som har gjort jobben

Svein Aam, Sunnmørsposten

Kjetil Haanes, Sunnmørsposten

## 2. Tittel på prosjektet

Nedst på golvet.

## 3. Fullstendig liste over samla publisering med tittel, dato og medium

9.desember 2010: Oppslag 1. side: "Vaskarar i opprør". Dei som vaskar Marine Harvest sitt lakseslakteri på Eggelsbønes fortel om elendige løns- og arbeidsvilkår, kontroll av fritida, mangelfulle arbeidskontraktar og frykt for å bli sende heim.

s. 10-11-12: Hovudsak ”*Arbeider om natta – usynlege om dagen*”. Reportasje om forholda for vaskarane i selskapet Wash Rent. Undersak: ”*Følte seg som slave*”. Intervju med Denis Smirnov i Estland. Dessutan intervju med leiinga i Wash Rent, og undersak om LO sin reaksjon på mangelfulle arbeidskontraktar.

Presentert under vignettet ”**Nedst på golvet**”.

10. desember: s. 12: ”*Kort ryddefrist for Wash Rent*”. Marine Harvest krev at reinhaldsselskapet Wash Rent får orden på papira straks.

11. desember: Oppslag 1. side: ”*-Hårreisande*”. SunnRent, eit av dei største selskapa i reingjeringsbransjen på Nordvestlandet har brukt arbeidskontraktar som LO karakteriserer som ”hårreisande utnytting”.

s. 10-11. Hovudsak: ”*Aldri sett verre kontrakt*”. Vi presenterer arbeidskontraktar brukta av selskapa SunnRent og Eurorent. LO sin ekspert på sosial dumping seier han aldri har sett verre arbeidskontraktar. Leiinga i SunnRent seier dei nyleg slutta å bruke kontraktane.

S 12. ”*Full oppvask i Marine Harvest*” Hovudtillitsvalt ved Marine Harvest seier han er sjokkert over forholda til vaskarane. Leiinga lovar full gjennomgang og opprydding.

13. desember: Hovedtittel s. 8-9: ”*Nortura slo alarm*”. Sjefen ved Nortura i Ålesund fortel at SunnRent miste kontrakten med å vaske slakteriet fordi det vart brukt utanlandske arbeidrar frå SunnRent/Eurorent med uklare og uakseptable løns- og arbeidsforhold.

Undersak: ”*Vil at kundane skal ta ansvar*”. Forbundssekretæren i Arbeidsmandsforbundet ber kundane til reinhaldsselskapa ta ansvar og stoppe ulovlege kontraktar.

14. desember: Oppslag 1.side: ”*Endeleg ein god avtale*”. Liivart Pett frå Estland kan smile etter at han fekk tilbod om fast jobb og norsk tariffløn hos Marine Harvest.

Hovudsak s. 6-7: ”*Fekk tilbod om fast jobb*”. Marine Harvest kastar ut Wash Rent og tek ansvar for estiske vaskarar. Alle får tilbod om fast jobb.

Undersak: ”*Tøff dag for SunnRent*”. Intervju med dagleg leiar Eva-Britt Volstad.

15. desember: Tittel 1. side: ”*Surr i papira*” Hovedtittel s. 10-11: ”*-Utan kontroll med Eurorent*”. Fokus på det estiske selskapet Eurorent, som leverte arbeidrar til SunnRent i to år. Vi avslører manglar kring betaling av skatt i Norge og manglande rapportering av arbeidrar til skateetaten. Summen som kan vere unnadrege skattlegging i Norge er 9,4 millionar berre for 2009, og fylkesskattekontoret fattar interesse. Vi set søkerlyset på pengestraumen mellom SunnRent og Eurorent, men ingen kan forklare kvar alle pengane har blitt av. Ei grafisk framstilling viser dei tette banda mellom SunnRent og Eurorent.

Sunnrent-gründer Olav Stokkereit og kompanjongen Per Søbstad har store problem med å forklare sine roller i Eurorent, eit selskap dei var medeigarar i.

16.desember: ”*Eventyrleg nedtur*”. Distriktssekretær Vidar Røren i Arbeidsmandsforbundet varsler gjennomgang av forholda i reinhaldsbransjen i Møre og Romsdal. ”*Prøvar å rydde opp*”: Statssekretæren i Arbeidsdepartementet, Jan-Erik Støstad, varsler tiltak for å rydde opp i reinhaldsbransjen.

18.desember: S. 8: ”*Styreleiaren trekkjer seg*”. Vaskegründer Olav Stokkereit trekkjer seg som styreleiari i SunnRent etter avsløringsane i Sunnmørsposten. På same side: ”*Ønskjer seg*

*tilbake til Herøy*”. Intervju med Alexander Chetsneishij, som vil ha tilbake vaskejobben på Marine Harvest.

20. desember: Oppslag 1. side: ”*Fryktar utvising*”. Ti vaskarar i SunnRent risikerer å miste jobben og bli utviste frå Norge. Hovedtittel s. 12-13: ”*Olga og Sergei er aliens*”. UDI vil ikkje godta passa til estiske ”aliens” (det vil seie russarar som bur i Estland utan estisk pass). Undertittel: ”*Som eit fengsel*”. Olga Aleksejeva fortel om uverdige forhold då ho jobba for Eurorent i Fosnavåg.

Undertittel 2: ”*Kan få gebyr og skattesmell*”. SunnRent risikerer solid gebyr for mangelfull rapportering til sentralskattekontoret for utanlandssaker.

21. desember: s. 9: ”*UDI: Må søkje opphaldsløyve*”. UDI utdjuper saka til russiske-estiske ”aliens”.

22. desember: s. 6-7: ”*Handla om pris*”. Tidlegare avdelingsleiar og ein tidlegare tillitsvald for SunnRent på Nordmøre seier at faste tilsette skulle bytast ut med innleigde arbeidarar frå Eurorent for å få ned kostnadene. Undersak: ”*Eks-eigar med sterke kritikk*”. Ein tidlegare medeigar kritiserte forholda i SunnRent. Undersak 2: ”*Fleire ”aliens” i trøbbel*”. Også mange av vaskarane ved Marine Harvest er ”aliens” og risikerer utvising.

30. desember: s 10: ”*Offentleg vaskeprispress*”. Seniorrådgjevar og konsulent for reinhaldsbransjen skulda det offentlege for å fremme prispress og opne for useriøse reinhaldsaktørar. Sunnmørsposten avslører i same sak at NAV har lyst ut tilbod med kun fokus på pris. Undersak: ”*NAV påtek seg eit særleg ansvar*”. Intervju med NAV-leiarane i Hordaland og Nordland.

#### **4. Redaksjon og redaksjonsadresse, samt tlf.nr.**

Sunnmørsposten

Boks 123

6001 Ålesund

- tel. 70 12 00 00

#### **5. Journalistane si adresse og telefonnummer**

Svein Aam

Ragnvaldmarka 8

6100 Volda

- tel. 90 20 12 32

Kjetil Haanes

6083 Gjerdsvik

- tel. 90 20 12 34

#### **6. Utgreiing om arbeidet**

##### **a) Starten**

8. november 2010 kom ein e-post til redaksjonen. Den var på uforståeleg engelsk – og bar preg av å vere omsett via Google translate. E-posten dreia seg tydelegvis om ein utanlandske arbeidar med dårlege erfaringar. E-posten vart oversendt Svein Aam, næringslivsjournalist i Sunnmørsposten. Han har fleire gongar tidlegare skrive om utanlandske arbeidarar sine løns- og arbeidsvilkår i Norge. ( jfr. innsendt metoderapport ” I dårleg selskap” 2006).

Svein svarte på e-posten, og bad avsendar om eit møte. Etter eit par veker kom svaret:

“Can i meet with you in weekend somewhere?”

Denne epostkontakten var opptakten til det som resulterte i ein serie med artiklar som dokumenterte dei verste arbeidskontraktene LO har sett, og som inkluderte gasellebedrifta SunnRent samt Marine Harvest Eggessbønes, som er verdas største lakseslakteri.

Avsløringane førde til at Olav Stokkereit, SunnRent-grunnleggjar og ein stor aktør i reinhaldsbransjen, gjekk av som styreleiar. Avsløringane førde også til at Marine Harvest – med Sunnmørsposten tilstades – kasta ut selskapet Wash Rent og tilsette dei estiske vaskarane sjølv.

### b) Problemstilling

Næringslivet på Sunnmøre er storbrukarar av utanlandsk arbeidskraft, spesielt fiskeindustrien og verftsindustrien. Svein Aam og journalistkollega Kjetil Haanes hadde lenge snakka om å ta eit grundig djupdykk i materien. Vi bur begge på søre Sunnmøre og ser med eigne auge mange av dei utanlandske arbeidarane dagleg, og eit naturleg spørsmål melder seg: Korleis har dei det - eigentleg?

Mykje av det redaksjonelle fokuset rundt sosial dumping har handla om løn. Det kokar ofte ned til påstandar om at 90-100 kroner timen er ei god løn for ein polakk eller estar. Det kan vere mykje sant i det. Vi ønskte å trekke fram andre sider ved sosial dumping, slik som arbeidsmiljøet, arbeidsvilkåra og livssituasjonen til dei utanlandske arbeidarane.

Eit grunnleggjande spørsmål er om nordmenn og norske firma utnyttar menneske i ein fortvila situasjon? Men samstundes var vi ute etter å sjå på konsekvensane for norsk arbeidsliv. For er det slik at vi gjennom import av tilsette frå Aust Europa også importerer austeuropaiske forhold i arbeidslivet?

For Kjetil var dette ei gamal problemstilling ettersom han tidlegare har vore konserntillitsvald i Orkla Media, og var med på å bygge opp organisasjonar og tillitsvalsystem i Orkla Medias bedrifter i Polen og andre stader i Aust Europa. Bakgrunnen for dette var tosidig; solidaritet og inkludering, men også behovet for å verne om gode løner og arbeidsforhold for norske og nordiske tilsette ved å hindre smitteeffekt frå land med dårlegare tilhøve for dei tilsette.

Vi var samde om å ha søkjelyset på dei som var lavast nede, bokstaveleg tala, og ei gruppe som har vore lite framme i Sunnmørsposten og i media elles; nemleg reinhaldsarbeidarane. Derav også vignetten ”**Nedst på golvet.**”

Reinhaldsbransjen er også ein stor og raskt veksande bransje. Ifølgje NHOs bransjestatistikk for 2010 var omsetninga på 16,5 milliardar kroner. Talet på tilsette er rundt 41.000 – og dei fleste av desse har utanlandsk bakgrunn.

Vi vart spesielt nysgjerrige på dei mange som arbeider om natta for å vaske dei store næringslivsbedriftene som produserer fisk og kjøt. Dette er personar som ofte er usynlege om dagen og som folk har lite kjennskap til, med unntak at ein ser dei gåande til og frå arbeidsstaden om kvelden og natta. Vi ønskte å setje namn og andlet på desse personane.

Både etter tips og etter eigne undersøkingar bestemde vi oss for å sjå spesielt på tre selskap:  
**SunnRent:** Ålesund-basert selskap med 51 millionar kroner i omsetning i 2009. Eit av dei raskast veksande reinhaldsselskapa i landet, og kåra til gasellebedrift av Dagens Næringsliv

både i 2008 og 2009. Selskapet har mange private og offentlege kundar i Nordfjord , Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre.

**Washrent:** Eit ferskt Herøy-basert selskap som hadde ei av dei største enkeltkontraktane i bransjen; vaskinga av Marine Harvest sitt lakseslakteri i Herøy – som er verdas største. Kontrakten var truleg på rundt ti millionar kroner i året.

**Eurorent:** Eit Tallinn-basert selskap starta av eigarane av SunnRent i 2008 for rekruttering av estiske vaskarar til SunnRent.

### c) Kva er nytta?

Vi har presentert originalkontraktar med dokumentasjon av arbeidsvilkår som sentrale personar i LO karakteriserer som ”hårreisande utnytting”. Om den mest fokuserte kontrakten uttalar LO sin ekspert på temaet sosial dumping, Geir Høibråten, at han aldri har sett verre kontrakt i norsk arbeidsliv. I kontraktane er det mellom anna forbod mot å gi opplysingar om inntekt og vilkår i avtalen til tredjeperson. Brot på dette punktet utløyser bøter på inntil 500 timer – som anten må utførast som gratisarbeid eller betalast i kontantar til arbeidsgjevar. Det er også bøter for brot på ei rekke andre punkt i avtalen.

Avtalane dokumenterer løner langt under norsk tariff, korttidskontraktar som truleg er i strid med Arbeidsmiljølova, manglande overtidsbetaling, manglande oppseiingsvern og krav om å betale forsikring sjølv. Saman med därlege butilhøve og kontroll av fritida vert resultatet unikt i norsk samanheng – og eit døme på grov sosial dumping.

Avtalane vart først brukte i to år gjennom dei som arbeidde for SunnRent og innleigde gjennom det estisk registrerte selskapet Eurorent. Deretter vart avtalen vidareført i direkte avtaler mellom SunnRent og dei enkelte tilsette. Vi har dermed knyttt avtalen direkte til eit norsk selskap, men også indirekte, ettersom det har vore svært tette band mellom estiske Eurorent og norske SunnRent.

SunnRent har opplyst at dei har slutta å bruke kontrakten. Men kontrakten vi presenterte var fersk og varde til desember 2010, med oppseiingsfrist og rett til forlenging. Kontrakten var dermed gjeldande på publiseringstidspunktet.

Vi har trengt gjennom eit såkalla FIE-system. FIE er den estiske forkortinga for personleg selskap. Konstruksjonen personleg selskap, som tar oppdrag for utanlandske selskap som tar oppdrag for norsk selskap er kjent frå fleire bransjar, som fiskeindustri, verftsindustri, bygg og anlegg. Det primære formålet er å skaffe seg arbeidskraft, så rimeleg som muleg. Samstundes kan norske oppdragsgjevarar fråskrive seg ansvaret for dei tilsette utlendingane. Dessutan er det skattefordelar knytt til slike oppdragskjeder.

Vi veit at Arbeidstilsynet har hatt store problem med å trenge gjennom slike system. For ofte har både oppdragsgjevar, mellommenn og den einskilde arbeidar interesse av å halde forholda skjulte for norske styresmakter.

Heller ikkje politiet har klart å fange opp trafikken av vaskarar frå Estland. Først når saka eksploderte i Sunnmørsposten kom det fram at mange av dei tilsette ikkje hadde godkjende EU-pass. Dei er statslause russiske estarar med ”aliens” i passet. Dette er ein status som definerer dei om tredjelandsborgarar, som må ha alminneleg opphaldsløyvde for å arbeide i Norge.

Arbeidarane vi har skrive om har vaska for store norske selskap som børsnoterte Marine Harvest og Norway Pelagic i minst to år, utan at dei dårlege løns og arbeidsvilkåra vart oppdaga. Marine Harvest er Norges største lakseselskap, medan Norway Pelagic er Norges største selskap innanfor sild og makrell. Begge har marknadsført seg som mønsterbedrifter i norsk næringsliv. Dette er selskap som har ekstrem kontroll på dei minste detaljane i produksjonen, men som viste seg å ha liten kontroll på det nattlege vaskearbeidet – eit arbeid som er særskilt viktig for kvaliteten på produkta og for tilliten i marknaden.

#### **d) Andre forhold som er avslørt**

Vi har dokumentert brot på følgjande lover og regelverk:

Skattelovgjevinga: Føresett at dette vert definert som innleige av arbeidskraft, så har vi avdekt ein stor sum som er unndrege skattlegging i Norge. Det er snakk om 9,4 millionar berre i 2009. Den endelige summen er større ettersom Eurorent-trafikken pågjekk mellom august 2008 og juli 2010.

Arbeidarane skulle også vere registrerte hos sentralstatistikken for utanlandssaker, men leiinga i selskapet har opplyst at dei ikkje var det. Det kan utløyse kraftige gebyr.

Arbeidsmiljølova: Ei rekke forhold, mellom anna manglande overtidsbetaling og muleg brot på regelverket for fast tilsetting.

Utlendingslova: Mange av dei tilsette i SunnRent, Wash Rent og Eurorent har ikkje gyldige EU-pass, men er sakkalla ”aliens” utan automatisk rett til å arbeide i Norge. I realiteten har Eurorent i over to år sendt arbeidarar papirlaust til oppdrag som vaskarar for industrien, kommunar og private på Nordvestlandet.

#### **e) Organisering av arbeidet**

Svein , som jobbar i næringslivsredaksjonen, stod for innleiane research og kjeldekontakt. Etter det første gjennombrotet ( kontrakt nummer ein) vart det klart at dette kunne bli ei stor sak. Svein trengde forsterkingar. Øvst på lista som makker stod Kjetil Haanes, lokalkontormedarbeider, lommekjend på søre Sunnmøre, så vel som i Aust Europa. Med bakgrunn i Orkla Media, Mecom Europe og Norsk Journalistlag, har Kjetil også god oversikt over avtaleverket. Nyheitsredaktør Jan Erik Røsvik vart ankerfeste i hovedredaksjonen. Vi fekk og med oss den unge, lovande og arbeidsvillege fotografen Marius Beck Dahle.

Den viktigaste researchfasen varte i ca to veker, og skjedde på fleire frontar. Vi la stor vekt på å gjere intervjuet ansikt til ansikt- for å skape tillit til kjeldene, og for å få ein ryddig og open dialog med leiinga i dei berørte selskapa. Vi snakka også med fleire kjelder med generell kunnskap om sosial dumping, skatteforhold og reinhaldsbransjen.

Kjetil og Svein hadde løpende dialog, men opererte i stor grad uavhengig av kvarandre. Begge deltok likevel saman på to sentrale intervju med leiinga for Washrent og SunnRent i forkant av publisering. Kjetil drog på kort varsel til Estland for å møte vaskarar, utifra tanken om at det var lettare for dei å snakke i Estland enn i Norge. Han møtte også LO-folk i Oslo i forkant av publisering. Reserchfasen tok ei ny vending då det oppstod konfrontasjon med leiinga i Washrent då Svein og fotograf Beck Dahle oppsøkte huset der 15 vaskarar budde.

Etter dette valde vi å publisere så raskt som råd, på grunn av faren for dekkoperasjoner. Publiseringa utløyste nye dramatiske hendingar, først hos Marine Harvest, deretter hos SunnRent.

## f) Metode

I SKUP-samanheng er metode sjølve heidersordet, men for vanlege frontoldatar som oss er det ei mystisk og myteomspunnen affære. Er god metodebruk å samle mest muleg dokument, eller å vere smartast muleg framfor PC-en?

Også vi har gjort ein del papirarbeid – mellom anna innhenting av selskapsopplysingar i Estland, samt gjennomgang av 15-20 rekneskap.

Men for oss som har arbeidd med vaskeavsløringane er den beste metoden den grunnleggjande: Ver nysgjerig, reis ut, snakk med folk og still dei rette spørsmåla. Og når det gjeld denne saka spesielt så har vi lagt stor vekt på å handtere anonyme kjelder for ein ryddig måte.

For å stille dei rette spørsmåla må du ha kunnskap. I dette tilfelle ein solid dose lokalkunnskap i tillegg til kunnskap om mellom anna arbeidsmiljølov, utlendingslov og skattelovgjeving i to land. Heldigvis hadde begge vore bort i tematikken før. Difor visste vi kva vi var ute etter, og vi kunne gi råd til kvarandre undervegs.

Døme: Korleis skal du spørje ein utlending som berre kan russisk eller polsk om han eller arbeidsgjevar har papira i orden overfor skatteetaten? Då skal du ta med ditt eige skattekort og lønsslipp, og spør om han har slike papir. Viss han aldri har sett eit norsk skattekort, så veit du at du er på sporet av noko.

Og når du skal møte dei ”ansvarlege”: Påstandar og spekulasjonar er därleg ammunisjon. Det du skal ha med deg er dokument, og aller helst originaldokument. Spør: Kven har skrive under her? Eller: Sat du i styret for dette selskapet?

Eit anna konkret spørsmål vi stilte då ingen tilsynelatande visste noko om selskapet Eurorent: Kan du som har vore økonomiansvarleg fortelje oss kor mykje pengar som vart overført fra SunnRent til Eurorent?

Metoden ”snakk med folk” har vore sentral i saka. Dermed er vi inne på temaet kjeldebruk, og bruk av anonyme kjelder.

Dei viktigaste kjeldene i ei slik sak er dei utanlandske arbeidarane sjølve, og eventuelle dokument dei kan skaffe fram. Men desse personane er det problemfylt å få kontakt med, og ha kontakt med, av fleire grunnar.

\* **Språk.** Mange snakkar berre sitt morsmål, til nød därleg engelsk. I vårt tilfelle snakka mange berre russisk. Tolking er difor naudsynt. Å skaffe tolk er både dyrt og tungvindt, og det vert vanskelegare å oppnå den direkte og nære kommunikasjonen som er viktig for å bygge nødvendig tillit mellom intervjuobjekt og journalist.

\* **Frykt.** Redsel for å miste jobben er nok vanlegaste grunnen til at utanlandske arbeidarar ikkje vil snakke om sine løns- og arbeidsforhold. I denne saka har vi visst at det er all grunn til å vere redd. I arbeidskontraktane har det stått direkte at det vil medføre straff i form av strenge bøter dersom dei tilsette snakkar om løns- og arbeidsvilkår til tredjeperson. Dette pålegg oss eit spesielt ansvar å vere forsiktig. Det at ein arbeidar vert sett i samtale med ein journalist kan vere nok til å kome i unåde, sjølv om han ikkje har gitt intervju, berre vore

høfleg og snakka litt med oss. I vårt tilfelle var mange av vaskarane også svært unge (18-20 år), og mange var tydeleg redde.

\* **Små miljø.** Mange av arbeidarane er faktisk nøgde med å få om lag det halve av norsk tariffløn, spesielt gjeld dette vaskarar som kjem frå estisk/russiske Narva, ein by med svært stor arbeidsløyse. Mange fryktar at avisskriveri kan føre til at dei mister ein jobb dei sjølve og familien treng sårt. Dette legg og press på dei som snakkas med journalistar. Det er typisk at utanlandske arbeidarar bur tett i hybelhus eller brakker. Dette er små og gjennomsiktige miljø. Dei 15 tilsette vaskarane i Washrent budde i eit bustadhus i Herøy. Minst ein av var ”mus”, det vil seie sjefen si forlenga arm. Dei kjenner også kvarandre frå heimlandet, mange kjem frå same byar eller bydelar. Vi opplevde at det var strid innad i miljøa om nytten av kontakt med oss.

\* **Skatt.** Det er ganske vanleg at den einskilde arbeidar må registrere sitt personlege selskap (i Estland FIE) for å få jobb i Norge, gjerne via eit utanlandsk selskap. Systemet legg mykje ansvar på den enkelte arbeidstakar. Han eller ho må mellom anna sjølve syte for at det vert trekt skatt – slik som nordmenn med personlege selskap må gjere. Det viser seg at mange har slurva med dette. Nokre meir eller mindre bevisst, andre fordi dei har blitt førde bak lyset og blitt fortalt av arbeidsgjevar at dei ikkje treng å betale skatt, eller at arbeidsgjevar har sagt at han skal ta seg av det. I realiteten vert mange skattesnytarar, anten i sitt eige land eller i Norge. Å stå fram i avisar kan føre at at dei og kollegaer får skatteetaten på nakken.

Alle desse faktorane gjer at det kan vere vanskeleg for dei å stå ope fram i media. Alternativet anonyme kjelder er heller ikkje bra i ei slik sak. For det første kan dei ikkje fortelje sine historier i detalj, for då vert dei raskt identifiserte av arbeidsgjevar. Ved bruk av anonyme kjelder vil det kunne oppstå uheldig kjeldejakt nesten uansett, både på arbeidsstaden og i heimlandet. Vi fekk også fleire gongar i startfasen av arbeidet vite at dei tilsette vart konfronterte med ”who has been talking?”

Når ein bruker anonyme kjelder vert det og problematisk med tilsvar. Den kritiserte part kan vise til at det er vanskeleg å forsvare seg mot anonyme skuldingar, og göyme seg bak det. I vår sak opplevde vi dessutan å få servert ganske mange negative karakteristikkar av folk som vart mistenkte for å vere våre kjelder. Det gjekk på skuldingar rundt alkoholbruk, narkotika, truslar, dårleg utført arbeid og sex. Dei anonyme kjeldene kom på si side med veldig mange påstandar som var vanskelege å verifisere, utan å røpe kjelda. Alt dette kunne lett føre til at saka kom ut av fokus.

Erfaringar frå jobbing med liknande saker tidlegare gjorde at vi valde å leggje stor vekt på å få opne kjelder i artiklane, anten skriftlege (kontraktar), norske kjelder (kollegaer) eller dei utanlandske arbeidarane sjølve. Vi meiner det er eit stort pluss at vi lukkast så godt med dette.

Ved å bruke opplysingar frå anonyme kjelder kunne vi oppsøke nordmenn som visste om viktige hendingar, til dømes norske tilsette i SunnRent si avdelinga på Nordmøre, og sjefen ved Nortura i Ålesund, som hadde kasta ut SunnRent. Den store fordelen med desse er at dei ikkje hadde problem med å bli brukte som opne kjelder. Samstundes fekk vi på ein effektiv måte verifisert opplysingane frå anonyme kjelder.

I tilknytning til artiklane på [www.smp.no](http://www.smp.no), låg det med informasjon på engelsk og norsk om at vi ønskta kontakt med folk som hadde opplysningar om sakene, og der vi garanterte konfidensialitet. Vi fekk inn mange tips, men mange av desse var anonyme.

Dei anonyme kjeldene vart og brukte til å kartlegge kven som har jobba for EuroRent/Sunnrent, slik at vi kunne prate med flest muleg. Vi møtte nokre her i Norge, eller vi kontakta folk i Estland. Etter kvart vart kartoteket med anonyme kjelder utvida til 20- 30. Desse vart brukte til å danne eit bilet av kva som er vesentlege hendingar, og kva som er einskildepisodar. Dette gjorde oss godt førebudde til dei viktige møta med leiinga i SunnRent/Eurorent/Wash Rent. Dessutan skaper det tryggleik for alle anonyme kjelder å vite at mange har prata med oss.

### **g) Spesielt om tilsvare**

Vi har lagt stor vekt på dialog med dei involverte i dei ulike selskapa. Konfrontasjon og kommunisering via advokatar er det alt å tape på. Den som søker fakta må høyre på alle sider. Vi meiner vi i stor grad lukkast i å få fram alle sin versjon. Eit unnatak er den tidlegare medeigaren i SunnRent, Fransesco Murseli, som har vist til at han er bunden av teieplikt i forhold til SunnRent i eitt år. Han ville difor ikkje møte oss, men vi har hatt dialog med han.

## **7. Spesielle erfaringar - konsekvensar**

Sunnmørsposten sine avsløringar har sett eit kraftig søkjelys på arbeidsforholda for reinhaldsarbeidarar. Arbeidsmandsforbundet, Arbeidsdepartementet og ikkje minst ulike enkeltbedrifter har teke affære. Vi har klare indikasjonar på at Arbeidstilsynet, politiet og skatteetaten vil følgje opp.

Avsløringane har ført til at vaskarane ved Marine Harvest no er tilsette direkte i morselskapet. Dette kan også føre til at Marine Harvest sluttar med innleige også i andre deler av produksjonen. Mellom anna stiller Marine Harvest no krav til at alle selskap som konkurrerer om oppdrag i produksjonen at selskapet skal vere norsk og følgje norsk tariff. Dette kan i neste omgang føre til at Opus Nor, ein leiane aktør for innleige av arbeidskraft frå Baltikum, vil miste avtalen med Marine Harvest. Dette bemanningsselskapet har lenge vore kritisert av Nærings og Nyttelsesmiddelarbeiderforbundet, og var tema for LO-leiaren sin 1. mai tale i Oslo i 2010.

Dersom ein av dei fremste aktørane i norsk fiskerinæring, Marine Harvest, endrar praksis for innleige av arbeidskraft, gir det signaleffekt til heile fiskeindustrien, som er storbrukarar av utanlandske arbeidarar på korttidskontaktar

For oss er det påfallande at våre avsløringar i sært liten grad har vorte vidareformidla i andre medium. I ”gamle dagar” var det eit sikkert kvalitetsteikn at sakene vart siterte i andre media. Og gjevest var det naturlegvis å bli sitert i dei store riksmedia. At saker blei store rikssaker var dessutan eit pluss når SKUP juryen sette seg ned for å dele ut distriktsvoten av SKUP-diplom.

At lokalavisene ikkje vil ta i dette stoffet er kanskje forståeleg. Å leige ein tolk til 800 kroner timen til ei omfattande gravesak kan raskt føre til budsjettsprekks.

Men kva så med riksmedia? Hovudproblemet er at riksmedia i stor grad har forlatt Nordvestlandet. VG og Dagbladet har lagt ned sine avdelingskontor i Ålesund for fleire år sidan. Nyleg la NTB ned Molde-kontoret, og TV2 har hatt ein periode med svært lite bemanning på Ålesundskontoret. Då er det berre NRK tilbake, i tillegg til Aftenposten sin

stringer. Ikkje ei einaste av sakene våre har hittil vorte siterte i NRK Møre og Romsdal. Derimot har vi fått gratulasjonar for godt arbeid frå

-kollegaer.

Vi er eit område av landet prega av eit blomstrande og internasjonalt næringsliv, med mange store fleirnasjonale selskap. Her er store pengar i omløp. Nordvestlandet er ei av dei siste øyene i Europa for arbeidssøkande frå fattigare delar av Europa. I dette området ser Sunnmørsposten ut til å vere den einaste redaksjonen med både nok vilje og nok ressursar til å køyre ei slik sak. Akkurat det er eit stort tankekors.

Metoderapporten er bygd på artiklar publiserte før årsskiftet. I skrivande stund er det fleire andre spor vi vil følgje, både i reinhaldsbransjen og i andre bransjar.

## **8. Stad, dato og underskrift**

Ålesund, 14. januar 2010

---

Svein Aam

---

Kjetil Haanes